



Reglement for Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i Høyanger kommune (REF)

§ 1 Føremål

- REF skal bidra til at eldre og personar med nedsett funksjonsevne blir sikra brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som vedkjem dei.
- REF tek ikkje opp saker som gjeld einskildpersonar, men saker av prinsipiell karakter som vedkjem eldre og personar med nedsett funksjonsevne som gruppe.
- REF kan ta opp saker på eige initiativ.

§ 2 Val og samansetting

- Kommunestyret vel medlemene i rådet, etter innhenta framlegg frå pensjonistlag og organisasjonar som representerer gruppene i REF. REF har 7 medlemmer og 1 politikarvald.
- Kommunestyret fastset kor mange medlemmer og varamedlemmer rådet skal ha.
- Verkeperioden er 4 år. Medlemene vert valde snarast etter at nytt kommunestyre har konstituert seg.
- REF vel sjølv leiar og nestleiar
- REF skal så langt det er mogleg ha brei alderssamansetning. Begge kjønn skal vere representert.

§ 3 Rettar og plikter

- Rådet er eit rådgjevande organ i kommunen. Alle saker som vedkjem eldre og personar med nedsett funksjonsevne, skal leggest fram for REF.
- REF kan ta opp saker på eige initiativ.
- For å gi innspel til kommunestyret i saker som er viktige for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, kan rådet få møte- og talerett ved sakshandsaming i kommunestyret.
- Medlemene i rådet har krav på møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. I tillegg har medlemene krav på godtgjersle for reise i samband med arbeidet i rådet, jfr kommunelova § 8-4. Dette går nærare fram av Folkevalde sine arbeidsvilkår, vedteke av kommunestyret.
- REF skal ha naudsynt sekretærhjelp.
- Når det vert valt nytt råd, skal medlemene få delta på same opplæring som andre folkevalde (kommunestyrerepresentantar).

§ 4 Sakshandsaming og rutinar

- Møtene til REF blir fastett i felles møteplan, jfr folkevalde sine arbeidsvilkår, og blir annonsert på heimesida
- Det skal setjast opp sakliste før møta. Saklista med eventuelle vedlegg skal sendast medlemene i rådet i god tid før møte.



Høyanger kommune

- Det skal førast møtebok for møta.
- Alle vedtak gjerast med simpelt fleirtal. Ved like røystetal er leiaren si røyst avgjerande
- Rådet er vedtaksført når minst halvparten av representantane er tilstades
- Saker til handsaming i REF skal vere mottatt i så god tid før møtet, at uttale frå rådet har moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- Uttale frå REF skal følgje sakene til vidare handsaming i kommunale instansar.
- REF skal kvart år utarbeide årsmelding som skal leggest fram for kommunestyret. Denne skal bl.a. gi oversikt over kva saker som har vore til handsaming i rådet.

§ 5 Endring av reglement

- Kommunestyret vedtek reglementet og endring av reglement